



SJH

Sogn Jord- og Hagebruksskule

Sogn Jord- og Hagebruksskule
Skulevegen 24
5745 Aurland
Tlf.: 57 63 71 00
www.sjh.no

PROSJEKTSAMANDRAG PÅ NORSK

CULTURAL INNOVATION THROUGH ECOPRENEURSHIP (CULINECO)

ERASMUS+ SØKNAD 2021-22 MED NMBU

I disse krisetider trengs døme på lokalsamfunn og regionar som visar veg og har spydspissfunksjon når det gjeld samfunnsomlegging og økologisk entreprenørskap. For dei institusjonane som driv utdanning av framtidens økoprenørar er det viktig at undervisninga blir knytt til praktiske læringsarenaer, alliansar og nettverk også på dette feltet. Prosjektet har som mål å utvikle eit pilotkurs i økologisk entreprenørskap, regionalt i Vestland. NMBU er prosjekteigar og SJH er partner. Prosjektet vert utvikla vidare i internasjonalt partnerskap med aktørar frå Noreg (NMBU, SJH, Universitetet Nord), Island (ALTA, Snæfellsnes regionpark) og UK (Ruskin Mill Trust).

Prosjektet går over 2 år og vil ha fire ulike samlingar (ein kvart halvår) med fyrste samling i i Sheffield november 2021. Prosjektmøte og seminar/verkstader har som mål å utvikle og prøve ut innhald, metode, kursmateriale og kursdesign i eit slikt regionalt og lokalt kurs. Både staden vi er på og partnerane vil bli involvert i utforming av samlingane og det endelege kurs innhaldet.

Frå SJH si side byggjer det vidare på ERASMUS+ prosjektet 2017-19 i økologisk entreprenørskap og på samarbeid med NMBU om regionalt kurs i økologisk entreprenørskap som me gjennomførde lokalt i 2011-12 (Fresvik, Lærdal, Aurland). Frå NMBU si side byggjer prosjektet vidare på ERASMUS-prosjektet LED (Landscape Education for Democracy Project, 2015-2019). Ansvarsfordeling mellom NMBU i marknadsføring og gjennomføring av det regionale kurset, vil bli avklart meir i detalj.

Forankring og deltaking frå SJH

For SJH er det tre område der me har deloppgåver i prosjektet: (1) kursutvikling og samarbeid med NMBU (2) seminardeltaking i dei fire seminara for tilsette/lærarar/elevlar (3) artikkel som samlar erfaringane i lys av dei fyrste tre seminara, som del av kursmateriell til kurset (Jorunn Barane)